

---

**Fra:** Berit Oliva <b-olk@online.no>  
**Sendt:** torsdag 1. mars 2018 13.36  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Rapport 2017.

Til Radøy Kommune.  
5936 MANGER.

.....  
Rapport om bruk av tildelte midler i oktober 2017. – Tiltak retta mot nye innbyggjarar / flyktningar.  
.....

Hovudmålet med søknaden var eit uttalt ynskje om å skape samkjensle mellom oss og desse nye folk, som no er busett i kommunen. Dei har sin kultur og me har vår. Det å læra om og av kvarandre , har gjeve oss ei nyttig læring og erfaring. Det har også skapt vennskap og tryggleik i mange situasjonar. Me har vorte reelle venner som har god kontakt.

Me ser og at det er viktig å vidareføra denne kunnskapen og oppretthalda kontakten så godt me kan. Framleis har me Internasjonal kafe annakvar fredag ,med varierende oppslutnad.

Søknaden vår i haust lydde på 14 500 – kr. Desse pengane fekk me utbetalt . Tusen takk for tildelinga.

Målet vårt var felles julefest og tur Radøy rundt ,samt litt til Int. Kafe.

Julefesten heldt me den 9 desember/-17. på helsetunet på Manger. Smithèn leverte pinnekjøtt og svineribbe m/tilbehør. Juletreet var på plass og det var gong rundt treet,med store og små. Kring 60 personar var med ,og det var ein skikkeleg god gamaldags fest. ( Til tross for oppstandelsen i forkant)  
(eller kanskje på tross av?)

Turen rundt Radøy har me ikkje hatt, været har vore så ruskete at me har vurdert det som utriveleg å visa kommunen vår frå ei slik side. Me har sett både turen og ca. 6000.-kr på vent til vær og vind «besinnar» seg litt.

Bed samstundes om å få behalda pengane til denne turen.

Har også brukt noko på kafeen .

Med venleg helsing LHL- Radøy.  
v/ Berit Kvalvik. Kvistevegen 261.  
5936 MANGER.

